

LESESTRATEGI

Husk å velge lesestrategi før du begynner på teksten!

Luridiumstjuven

William var på veg til Vitskapshistorisk museum saman med klassen. I lomma hadde han eit avisutklipp om den store Umoglegheita. «Den vanskelegaste koden i verda kjem til Noreg», stod det med store bokstavar. Mange av dei beste kryptologane i verda hadde freista å løyse koden, men utan å få det til. William elska kodar. Og snart skulle han få sjå han med sine egne auge. Han kunne nesten ikkje vente. I morgon skulle utstillinga vidare til Finland. Det var i dag eller aldri.

Men bussturen gjekk ikkje heilt som planlagt. Med eitt rykte det kraftig i bussen. «Ingenting å uroe seg for», sa bussjåføren over høgtalaranlegget. «Det er berre ei lita punktering. Vi er tilbake på vegen på eit blunk.»

Det tok to timar. Ville dei framleis rekke utstillinga? William hadde ei dårleg kjensle.

«De er litt i seinaste laget», sa Edna, guiden som tok imot dei på museet. «Umoglegheitsutstillinga er i ferd med å stengje.» William stivna. Det kunne ikkje vere sant. «Sidan de ikkje rakk Umoglegheitsutstillinga, går vi rett på kunnskapsrebusen. Det er best om de går saman to og to.»

William stod heilt stille. Vonbrotet lamma ham fullstendig. «Er



Umoglegheitsutstillinga heilt stengd?» spurde William. «Ja, det er stappfullt der nede. Vi kan ikkje sleppe inn fleire. Må følgje brannforskriftene.» William nikka. Han tenkte seg om. «Eg ... eg må berre ein tur på do», sa han og kasta eit blick på læraren sin. Han var heldigvis oppteken.

William gjekk ned trappene og sneik seg inn i lokalet der folk alt stod som sild i tønne. Han pressa seg heilt fram til scena og hørde ei stemme seie: «No er det berre fem minutt att til å løyse den vanskelegaste koden i verda!» Mange hadde prøvd, men ingen hadde klart det enno. Akkurat no var det ein mann som heitte Vektor Hansen, som heldt på, men ikkje eingong mannen med Noregs høgaste IQ greidde å løyse Umoglegheita. «Dette er berre tull!» ropte han oppgitt. «Er det berre juks?» ropte ei stemme frå salen. «La ein til få prøve for å bevise at det ikkje er juks!» «Ok! Ein til, den siste for i kveld!» ropte mannen som leidde konkurransen på scena. «Kven vil prøve?» Ingen sa noko.

«Ingen?» spurde mannen på scena. «William!» ropte plutseleg ei høg stemme. Det var læraren til William som hadde leita etter han. Alle kikka på William. «Eit barn? Ja, kvifor ikkje?» sa mannen på scena. «La han prøve.» «Nei, vent, eg meinte ikkje ...!» ropte læraren, men William blei dregen opp på scena. Salen braut ut i spontan applaus.

William kikka på sylindren. Han hadde aldri sett teikna før. Men med eitt byrja det å skje noko. Det spreidde seg som ein varme i kroppen hans. Varmen nådde hendene, og dei byrja å ta i sylindren. Fingrane gjekk fortare og fortare, han snudde, vende og vrei på dei små delane. Så forsvann tid og stad.

Salen jubla og brølte. William blei dregen ut av transen sin. Sylindren var delt i to. Oppi den eine delen var det festa ei lita messingplate der det stod: «GRATULERER». William skjønnte ingenting. Sylindren måtte vere øydelagd. Han MÅTTE!

Oppgåver:

Sjå Elevbok 7B side 264–265.

Gjer oppgåvene 1, 3, 4, 5, 6, 7 og 8.

Forenkla med løyve frå Bobbie Peers